



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtedato:** 15.04.2010  
**Møtetid:** 15.00 - 20.15  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert 0 varamedlemmer.

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
---

Rådmann Ramsli, Økonomisjef Erdal og ass.rådmann Våge under heile møtet.
--

<b>Merknader:</b> Marit Aase var ikkje til stades under sak 24-25/10. Varaordføraren leidde møtet i hennar stad
---

<b>Utvalet sitt kvarter:</b> John Magne Bogevik orienterte om 2. gongs høyring - forvaltning av hjortevilt, og orienterte om registrerte døde hjortevilt i Samnanger i vinter.
--

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	Ordførarar orienterte om følgjande: -Det er full innstilling av helikopterberedskap i Samnanger pga askespreiing frå vulkanutbrot på Island. -Folkevaldopplæringa vert den 26 mai i samband med PØ-møtet. Dvs. at møtet i utvalet startar frå morgonen av. -Ordførarar og rådmenn i Os, Fusa og Samnanger skal møtast 16. April i Samnanger for å drøfta moglege tema for samarbeid. Mogleg aktivitet i Bjørnefjorden næringsutvikling og samhandlngsreformen er nokre tema. -Buisnessregion Bergen vil presentera framlegg til strategisk næringsplan for formannskapa i Fusa og Samnanger i fellesskap. Det vil også vera aktuelt å få vegkontoret inn for orientering om ny organisering og prosjekt. Ein måndag ettermiddag i Fusa er aktuelt. -Trafikk og fartsgrenser opp i Lønnebakkenfeltet og til Helgatona er problematisk for oppsitjarar. Skilting m.m. vert etterlyst. Adm.sjonen sjekkar ut med vegvesenet om det er mogleg å få til ei snarleg løysing.
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Vedtak frå Kontrollutvalet 1304.10 – Årsrekneskapen 2009.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 22.04.2010

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
013/10	10/219	Faste saker	
014/10	10/124	Årsmelding 2009	
015/10	10/217	Godkjenning av kommunerekneskapen 2009	
016/10	10/197	Avfallsplan BIR Privat 2010-15	
017/10	10/137	Områdeplan for Bjørkheimsområdet - finansiering	
018/10	10/218	Næringsbygg på Bjørkheim - finansiering	
019/10	09/619	Norskopløring for flyktningar grunnskulen	
020/10	10/198	Barnehageopptaket 2010 - Oppretting av midlertidleg avdeling hausten 2010.	
021/10	09/296	Tilskot frå Næringsfondet - Fjordtønna	
022/10	10/216	Vest-Norges Brusselkontor	
023/10	10/157	Norheimsund Industrier AS - førespurnad om teikning av aksjer	
024/10	09/496	Organisering av arbeidet med næringsutvikling i Samnanger kommune	
025/10	09/520	Søknad om tilleggsløyving - medaljetildeling	U Ikkje offentleg (Saka inneheld vedlegg som ikkje er offentlege.)

## SAKNR. 013/10

### Faste saker

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

#### 15.04.2010 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet godtok å handsama ei ekstra sak – sak 25/10.

**Utvalet sitt kvarter-** John Magne Bogevik, som er leiar av viltnemnda orienterte om 2. gongs høyring - forvaltning av hjortevilt, og han orienterte og om at nemnda i vinter har lagt ut mat til hjortane og at det ver registrert fleire døde hjortevilt i Samnanger.

#### PØ-013/10 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med tillegg av ei ny sak – sak 25/10.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

## SAKNR. 014/10

### Årsmelding 2009

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### 15.04.2010 Personal og økonomiutvalet

**Handsaming i møtet:** Marit Aase sette fram følgjande fellesframlegg: ”Samnanger kommune tek Årsmelding 2009 til orientering.” Samrøystes vedteke.

#### PØ-014/10 Vedtak:

Samnanger kommune tek Årsmelding 2009 til orientering.

## SAKNR. 015/10

### Godkjenning av kommunerekneskapen 2009

#### 15.04.2010 Personal og økonomiutvalet

**Handsaming i møtet:** Utvalet fekk utlevert vedtak i frå kontrollutvalet, 13.04.10. vedk. årsrekneskapen 2009. **Marit Aase** sette fram følgjande fellesframlegg: ”Samnanger

kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2009 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre. Overskotet på kr. 4,7 mill. vert ført på disposisjonsfondet.” Samrøystes vedteke.

**PØ-015/10 Vedtak:**

Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2009 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre. Overskotet på kr. 4,7 mill. vert ført på disposisjonsfondet.

**SAKNR. 016/10**

**Avfallsplan BIR Privat 2010-15**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Samnanger kommunestyre tek revisjonsrapporten ”BIR Privat AS – Revisjon av avfallsplanen 2004-08” til orientering.
2. Samnanger kommunestyre tek ”Avfallsplan for BIR Privat 2010-2015 Måldokument til politisk behandling” til etterretning, og sluttar seg til avfallsplanens hovudmål og delmål.
3. Samnanger kommunestyre ber BIR Privat leggja fram ny sak om innsamling og behandling av matavfall for produksjon av biogass når fleire forhold rundt biogassanlegget og behandlingkostnader er klarlagt.
4. Samnanger kommune vil i samarbeid med BIR innarbeida krav til infrastruktur for avfall i kommuneplanar, reguleringsplanar og sikra at moderne infrastruktur for avfall vert etablert i kommunen.
5. Kommunestyret vil invitera BIR Privat til å møta årleg for å orientera om status og måloppnåing innan avfallsområdet.

**15.04.2010 Personal og økonomiutvalet**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

**PØ-016/10 Vedtak:**

1. Samnanger kommunestyre tek revisjonsrapporten ”BIR Privat AS – Revisjon av avfallsplanen 2004-08” til orientering.
2. Samnanger kommunestyre tek ”Avfallsplan for BIR Privat 2010-2015 Måldokument til politisk behandling” til etterretning, og sluttar seg til avfallsplanens hovudmål og delmål.
3. Samnanger kommunestyre ber BIR Privat leggja fram ny sak om innsamling og behandling av matavfall for produksjon av biogass når fleire forhold rundt biogassanlegget og behandlingkostnader er klarlagt.
4. Samnanger kommune vil i samarbeid med BIR innarbeida krav til infrastruktur for avfall i kommuneplanar, reguleringsplanar og sikra at moderne infrastruktur for avfall vert etablert i kommunen.

5. Kommunestyret vil invitere BIR Privat til å møte årleg for å orientere om status og måloppnåing innan avfallsområdet.

#### **SAKNR. 017/10**

#### **Områdeplan for Bjørkheimsområdet - finansiering**

##### **15.04.2010 Personal og økonomiutvalet**

**Handsaming i møtet:** Marit Aase sette fram følgjande framlegg”

Pkt 1. Det vert sett av inntil kr.800.000,-. Pengane vert tekne frå Disposisjonsfondet.

Pkt 2. Det vert arbeidd med medfinansiering frå mogelege samarbeidspartar.”

Røysta punktvis:

Pkt. 1 – samrøystes vedteke.

Pkt. 2. – 4 røysta for og 1 imot.

##### **PØ-017/10 Vedtak:**

Pkt 1. Det vert sett av inntil kr.800.000,-. Pengane vert tekne frå Disposisjonsfondet.

Pkt 2. Det vert arbeidd med medfinansiering frå mogelege samarbeidspartar.

#### **SAKNR. 018/10**

#### **Næringsbygg på Bjørkheim - finansiering**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune set opp eit mellombels næringsbygg på Bjørkheim. Forventa kostnad er kr 425.000,-. Kommunen går inn med fylgjande midlar alle finansiert med bruk av næringsfondet:

Kommunalt tilskot kr 55.000

Forskottering husleigeinntekter kr 180.000

Garanti i høve til ekstern søknad kr 100.000

Resterande kostnad vert dekkja ved ekstern finansiering – regionalt næringsfond kr 40.000 og livOGLyst kr 50.000.

##### **15.04.2010 Personal og økonomiutvalet**

Handsaming i møtet: I møtet vart det drøfta om det var mogleg å nytta andre finansieringskjelder. Det var semje om at ein nyttar disposisjonsfondet til forskottering av husleiga. Med denne endringa vart framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

##### **PØ-018/10 Vedtak:**

Samnanger kommune set opp eit mellombels næringsbygg på Bjørkheim. Forventa kostnad er kr 425.000,-. Kommunen går inn med fylgjande midlar finansiert med bruk av næringsfondet:

Kommunalt tilskot kr 55.000

Garanti i høve til ekstern søknad kr 100.000

Forskottering husleigeinntekter kr 180.000 vert finansiert med lån av disposisjonsfondet.

Resterande kostnad vert dekkja ved ekstern finansiering – regionalt næringsfond kr 40.000 og livOGLyst kr 50.000.

#### **SAKNR. 019/10**

## Norskopplæring for flyktningar grunnskulen

### 15.04.2010 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg:” Kommunestyret løyver kr. 737.000 i samsvar med oppsett i saksutgreiinga. Summen vert finansiert slik:

Tilskot år 1 (2009) udisponert	kr	440.000
Øyremerka tilskot skule (3x10.000)	kr.	30.000
Disposisjonsfond	kr.	200.000
Øyremerka tilskot barnehage	kr.	67.000 (skjønnsstilskot)
Totalt	kr.	737.000

Ordførar og rådmann vert pålagt å undersøkje grunnlaget for ekstra tilskot til slik opplæring som saka omtalar. Resultatet av undersøkinga skal meldast til dei folkevalde.

Det vart røysta over framlegget som vart vedteke mot ei røyst.

### PØ-019/10 Vedtak:

Kommunestyret løyver kr. 737.000 i samsvar med oppsett i saksutgreiinga.

Summen vert finansiert slik:

Tilskot år 1 (2009) udisponert	kr	440.000
Øyremerka tilskot skule (3x10.000)	kr.	30.000
Disposisjonsfond	kr.	200.000
Øyremerka tilskot barnehage	kr.	67.000 (skjønnsstilskot)
Totalt	kr.	737.000

Ordførar og rådmann vert pålagt å undersøkje grunnlaget for ekstra tilskot til slik opplæring som saka omtalar. Resultatet av undersøkinga skal meldast til dei folkevalde.

## SAKNR. 020/10

### Barnehageopptaket 2010 - Oppretting av midlertidleg avdeling hausten 2010.

### 15.04.2010 Personal og økonomiutvalet

**Handsaming i møtet:** Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande fellesframlegg: ”For barnehageåret 2010-11 leiger Nordbygda barnehage lokale i Nordbygda skule til å drifta ein avdeling for aldersgruppa 3-5 år. Kommunen startar arbeidet no i vår med å lage etterbruksplan for Nordbygda skule. Planen skal vera ferdig til 1. mars neste år, og mellom anna vurderer om skulen kan vera aktuell som framtidig barnehage.”

Utvalet røysta over om vedtaket skulle gjerast med heimel i KL §13 –hasteparagrafen. Utvalet slutta seg til å bruke hasteparagrafen mot ei røyst.

Framlegget frå Gåsdal vart samrøystes vedteke.

### PØ-020/10 Vedtak:

For barnehageåret 2010-11 leiger Nordbygda barnehage lokale i Nordbygda skule til å drifta ein avdeling for aldersgruppa 3-5 år. Kommunen startar arbeidet no i vår med å lage etterbruksplan for Nordbygda skule. Planen skal vera ferdig til 1. mars neste år, og mellom anna vurderer om skulen kan vera aktuell som framtidig barnehage. Vedtaket er gjort med heimel i Kommunelova § 13.

#### **SAKNR. 021/10**

##### **Tilskot frå Næringsfondet - Fjorðtønna**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr 10.000 til delfinansiering av studietur for Fjorðtønna a.s. til Canada i samband med arbeidet med etablering av Economèmuse. Tilskotet vert gitt med finansiering av næringsfondet.

##### **15.04.2010 Personal og økonomiutvalet**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

##### **PØ-021/10 Vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr 10.000 til delfinansiering av studietur for Fjorðtønna a.s. til Canada i samband med arbeidet med etablering av Economèmuse. Tilskotet vert gitt med finansiering av næringsfondet.

#### **SAKNR. 022/10**

##### **Vest-Norges Brusselkontor**

##### **15.04.2010 Personal og økonomiutvalet**

Handsaming i møtet: **Marit Aase** sette fram følgjande fellesframlegg: ” Samnanger kommune søker om medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor. Medlemskontingent vert å finansiera ved næringsfondet.”

Samrøystes vedteke.

##### **PØ-022/10 Vedtak:**

Samnanger kommune søker om medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor. Medlemskontingent vert å finansiera ved næringsfondet.

#### **SAKNR. 023/10**

##### **Norheimsund Industrier AS - førespurnad om teikning av aksjer**

##### **15.04.2010 Personal og økonomiutvalet**

Handsaming i møtet: **Bright Olav Gåsdal** sette fram følgjande framlegg: ” Samnanger kommune deltek ikkje i aksjeemisjon ved Norheimsund Industrier.”

Samrøystes vedteke.



**PØ-023/10 Vedtak:**

Samnanger kommune deltek ikkje i aksjeemisjon ved Norheimsund Industrier.

**SAKNR. 024/10****Organisering av arbeidet med næringsutvikling i Samnanger kommune****15.04.2010 Personal og økonomiutvalet**

Handsaming i møtet: Marit Aase fekk permisjon og gjekk frå møtet kl. 19.45.

Varaordførar **Bright Olav Gåsdal** leia møtet vidare.

**Bright Olav Gåsdal** sette fram følgjande framlegg:

Pkt 1: "Samnanger kommune vil nytte BRB som kommunen sitt interkommunale selskap for næring til dei større sakene.

Pkt 2: Me vil handtera dei mindre sakene internt i kommuneorganisasjonen.

Pkt 3: PROSAM a.s. vert tilrådd avvikla.

Pkt 4: Det vert arbeidd for at det vert oppretta ei stilling som samfunnsutviklar (plan og næring). Økonomiplanarbeidet tek opp i seg at stillinga ligg inne med lønsmidlar for siste halvår i 2012.

Pkt 5: Engasjementstillinga vert forlenga til våren 2012 og vert vidare knytt opp mot stillinga LivOGlyst-stillinga på 60%."

Det vart røysta punktvis

Pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 4 vart vedteke mot ei røyst.

Pkt. 5 vart vedteke mot ei røyst.

**PØ-024/10 Vedtak:**

Pkt 1: "Samnanger kommune vil nytte BRB som kommunen sitt interkommunale selskap for næring til dei større sakene.

Pkt 2: Me vil handtera dei mindre sakene internt i kommuneorganisasjonen.

Pkt 3: PROSAM a.s. vert tilrådd avvikla.

Pkt 4: Det vert arbeidd for at det vert oppretta ei stilling som samfunnsutviklar (plan og næring). Økonomiplanarbeidet tek oppi seg at stillinga ligg inne med lønsmidlar for siste halvår i 2012.

Pkt 5: Engasjementstillinga vert forlenga til våren 2012 og vert vidare knytt opp mot stillinga LivOGlyst-stillinga på 60%.

**SAKNR. 025/10****Søknad om tilleggløyving - medaljetildeling****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert løyvd inntil kr. 10.000,- som skal nyttast til eit arrangement i høve tildeling av Kongens fortjenestemedalje i sølv til Brynjulf Hernes. Utgiftene vert å føra på konto nr. 1.1000.1000.1205 og skal belastast konto for tilleggløyvingar nr. 1.1200.1800.4900

**15.04.2010 Personal og økonomiutvalet**  
Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

**PØ-025/10 Vedtak:**

Det vert løyvd inntil kr. 10.000,- som skal nyttast til eit arrangement i høve tildeling av Kongens fortенestemedalje i sølv til Brynjulf Hernes. Utgiftene vert å føra på konto nr. 1.1000.1000.1205 og skal belastast konto for tilleggsøyvingar nr. 1.1200.1800.4900 .

